



## Møtebok for Ulvik fjellstyre

Stad: Fjellstyret sitt kontor, Ulvik

Dato: 20.03.17

Klokkeslett: 18.00-20.30

### Tilstades på møtet

#### **Medlem:**

Knut Sygnestveit  
Stig Yngve Røkenes  
Atle Ulgenes  
Lars Helge Ljone  
Ingrid Sponheim

#### **Sekretær:**

Harald Normann Andersen

### **Saksliste**

05/17 Meldingar  
06/17 Godkjenning av rekneskap  
07/17 Godkjenning av årsmelding 2016  
08/17 Årsplan 2017  
09/17 Høyring – Framlegg til villreinkvote 2017 og ny bestandsplan  
10/17 Høyring vedk. åting på Rallarvegen, Finse – Lågheller  
11/17 Innkjøp av lavvo  
12/17 Ny kledning på Sankebu, nye glas i Ripsebu  
13/17 Datalagring, løysing for framtida

### Underskrifter

Me stadfester at møteboka er rett:

Knut Sygnestveit Kari Sandøy-Jarman Atle Ulgenes Lars Helge Ljone Ingrid Sponheim

### **Kopi til**

- Fjellstyremedlemmer  
- Varamedlemmer  
- Fjellstyra på Hardangervidda, Vinjesvingen 665, 3890 Vinje  
- Fjellstyra kring Hardangervidda  
- Hardangervidda Fjelloppsyn as. Magasinvegen 35, 5705 Voss  
- Statskog SF, Storgata 64 A, 2609 Lillehammer

<b>Meldingar frå</b>	<b>Innhald</b>
06/17 Ulvik fjellstyre	Scooterløyve 2017
07/17 Ulvik fjellstyre	Scooterløyve 2017
08/17 Ulvik fjellstyre	Scooterløyve 2017
09/17 Ullensvang fjellstyre	Møtebok
10/17 Røldal fjellstyre	Møtebok
11/17 Kåre Rudningen	Orientering om situasjonen i Nordfjella ang. CWD ( skrantesjuka )
12/17 Ulvik herad	Høyring – vedk. åting på Rallarvegen, Finse - Lågheller
13/17 Hardangervidda villr. utval	Høyring – framlegg til villreinkvote for Hardangervidda hausten 2017
14/17 Hardangervidda villr. utval	Høyring – Framlegg til ny driftsplan for Hardangervidda villreinområde 2017 -2021
15/17 Rauland fjellstyre	Møtebok

Harald las opp meldingane

**Sak 06/17 Godkjenning av rekneskap****20.03.17****Saksdokument:**

Rekneskapen for 2016

**Saksutgreiing:**

Rekneskapen syner eit underskot på kr. 53.152,-. Hovudgrunnen til underskotet er manglande inntekter på sal av villreinkort. Grunna mange fyrstegongsjegerar ( 11 stk ) som får gratis løyve av fjellstyret, utgjorde dette tapte inntekter på om lag 30.000 kroner. Sjølv om ein tapar nokre kroner år om anna ved å gje desse unge gratis løyve er det særskilt viktig for å rekruttere nye jegerar. I tillegg vart alle hyttene/buene førd i matrikkelen, og dette vart ein kostnad på kr. 22.275,-. Aktiviteten i fjellstyret har vore litt høgare enn det som var budsjettert, noko som har gitt ein meirkostnad på om lag 40.000,-.

**Framlegg til vedtak:**

Godkjend utan merknader

**Vedtak:**

Samrøystes

Sak 07/17 **Godkjenning av årsmelding 2016**

**20.03.17**

---

**Saksdokument:**  
Årsmelding 2016

**Framlegg til vedtak:**  
Godkjend med nokre merknadar

**Vedtak:**  
Samrøystes

Sak 08/17 **Årsplan 2017**

**20.03.17**

---

**Saksdokument:**  
Årsplan 2017

**Saksutgreiing:**  
Dagleg leiar har laga eit framlegg til aktivitetsplan ( førande ) for 2017. Mange av tiltaka har vore diskutert ved tidlegare høve, og dei er no kome inn i tiltaksplan. Av større tiltak kan nemnast transport og byting av kledning på Sankebu, brannvernkontroll ( slamming av piper/brannmur m.m ), fiskeslepp i Tverråvatna, beising av Dyrahola og generelt tilsyn/vedlikehald av hyttene.

**Framlegg til vedtak:**  
Godkjend som den føreligg

**Vedtak:**  
Samrøystes

**Saksdokument:**

Høyring på framlegg til kvote

Høyring ny bestandsplan

**Saksutgreiing:**

Det er komen framlegg frå Hardangervidda villreinutval om ei kvote på 6000 dyr komande år med ei fordeling på:

2.100 frie dyr

3.900 s/u med kalv inkludert på kontrollkortet.

Dette betyr at det i teorien kan vert felt 9.900 dyr.

*«Kvoteforslaget forutsetter at det utformes et kontrollkort der det inngår simle/ungdyr og kalv på ett og samme kontrollkort. Dette på samme måte som i årene 1998-2002 og 2016. Søknad om dispensasjon fra forskrift om forvaltning av hjortevilt § 30 blir sendt Miljødirektoratet. Dersom dispensasjon ikke gis, slik at det ikke blir utformet et kontrollkort der kalv er inkludert i s/u-kortet, vil villreinutvalet fremme ny kvoteanbefaling overfor villreinnemnda».*

I framlegget til ny bestandsplan for Hardangervidda villreinområde 2017 – 2021 ynskjer villreinutvalet å vidareføre førre plan og bestandsmål, samt rammer for årleg avskyting uendra.

**Framlegg til vedtak:**

Ulvik fjellstyre støttar villreinutvalet sitt framlegg til villreinkvote for 2017.

Fjellstyret tek framlegg til ny bestandplan for Hardangervidda villreinområde 2017 – 2021 til vitring.

**Vedtak:**

Samrøystes

**Saksdokument:**

Søknad frå Jernbaneverket om dispensasjon frå føresegner til reguleringsplan Finse – Lågheller. Søknad om åting av Rallarvegen

Søknad frå Visitrallarvegen.no vedk. permanent opning for åting av Rallarvegen, Finse Lågheller.

**Saksutgreiing:**

Søknaden frå Visitrallarvegen har tidlegare i år vore ute på ei mindre høyring, og den kan verta handsama som ein dispensasjonssak med tidsavgrensing. Heradet ynskjer ein ny og utvida høyringsrunde, der fleire instansar vert høyrd, før dei fattar vedtak.

Jernbaneverket søkte i 2008 om dispensasjon frå føresegna til reguleringsplan Finse – Lågheller vedk. løyve til åting av Rallarvegen. Bakgrunn for søknaden var at Jernbaneverket ynskjer å ruste opp Rallarvegen fram mot hundreårsjubileet for Bergensbana i 2009.

Søknaden vart og sendt Fylkesmannen ( FM ) til uttale. I brev av 21.04.08 syner FM m-a. til kva som er føresegnene med reguleringsplanen Finse – Lågheller og «*føresegnene er slik at dei skal ta vare på villreinen sine interesser framfor andre interesser*». Vidare skriv FM «*Fylkesmannen meiner prinsippet om å nekte åting og brøyting er viktig for å ta vare på villreininteressene som jo er sjølvformålet med planen og vil difor vurdere å klage på vedtaket om heradet gir dispensasjon i denne saka*».

Formannskapet i Ulvik herad vedtok 30.04.08 med 4 mot 1 stemme i medhald av § 7 i PBL å gje Jernbaneverket dispensasjon frå pkt. 5.1.2.c i føresegnene til reguleringsplanen Finse – Lågheller til åting av Rallarvegen for 2008.

**Vurdering:**

Ulvik fjellstyre handsama i møte 23.01.17 søknad frå Visitrallarvegen.no om å gjere prøveprosjektet med brøyting og åting av Rallarvegen mellom Finse – Lågheller til ei permanent ordning.

Det vart samrøystes vedteke at fjellstyret ikkje kunne tilrå ei permanent ordning.

No kjem saka opp på nytt og Ulvik fjellstyre vil gjere greie for kvifor dei ikkje ynskjer denne ordninga:

For det fyrste må føresegnene til reguleringsplanen Finse – Lågheller gjerast om. Slik det står i føresegnene i dag kan ein ikkje utan vidare tillate åting og brøyting som ei permanent ordning.

Vidare må fjellstyret ta hensyn til villreinen og villreininteressene. Noreg forvaltar dei siste bestandane av den opprinnelege fjellreinen i Europa. Dette gjer at me har eit særleg internasjonalt ansvar for å ta vare på villreinen. Ulike typar inngrep og forstyrrelsar har gjort villreinen sine leveområder stadig mindre og meir oppdelt.

Villreinen er særskild sky. Utbygging, ferdsel og anna menneskeleg aktivitet kan føre til at villreinen vert forstyrra og ikkje får beite og ferdast i fred. Auka menneskeleg aktivitet i sårbare periodar ( mai – juni ) bidreg til fortrenging av villreinen, og da spesielt i utkanten av villreinområdet.

Dokumentasjon – påviste kryssingar

Sidan sist Ulvik fjellstyre hadde denne saka om åting på Rallarvegen til handsaming har reinen ved fleire høve kryssa Rallarvegen i området Lågheller. Siste gongen kryssa det ein flokk nordover 13. mars

Vurderingar i høve naturmangfaldslova:

Føremålet med naturmangfaldsloven er at naturen skal takast vare på , ikkje berre gjennom vern av områder, men også gjennom at bruken av naturen skal skje på ein berekraftig måte. Det er viktig at dei miljørettslege prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8 - 12 vert vurdert.

§ 8. *Kunnskapsgrunnlaget*

- I fylje Norsk institutt for naturforskning ( NINA ) utgjer vegar ein stor negativ effekt, og i enkelte tilfelle ein stor barriere for villreinen. Forstyrning og andre menneskeskapte element like eins.

I NINA – rapport ( 2013), 956 Nordfjella villreinområde, Konsekvens av planforslag for villrein, friluftsliv og reiseliv konkluderar dei i høve villrein og Rallarvegen: « *Det foregår slik det er i dag en utveksling av rein mellom villreinområdene i Nordfjella og Hardangervidda. Denne utvekslingen foregår vest for Finse ( Stor verdi ). Øst for Finse har trekket ikke vært i bruk i løpet av GPS prosjektet. Utveksling av dyr mellom villreinområdene har nasjonal verdi. Det vil si at trekket i dette fokusområde er sårbart for fremtiden*».

§ 9. *Føre - var - prinsippet*

- Ved å gje løyve for ein permanent opning for åting og brøyting av Rallarvegen, strekning Finse - Lågheller er fjellstyret redd for at det skal få alvorlige framtidige konsekvensar for villreinen på Nordfjella. Åtinga og brøytinga av Rallarvegen vil gå føre seg på ei tid på året da villeinen kalvar, og der den er sær sars var for forstyrrelsar. Kalving påvist i Buadalen sør for Hallingskeid i 2014.

§ 10. *Økosystemtilnærming og samla belastning*

- Ulvik fjellstyre har vurdert det slik at den samla belastninga som økosystemet vil verta utsatt for i tiltaket ikkje er av spesiell karakter. Villreinen kan kan verta påført skade.

§ 11. *Kostnadane av miljøtyning skal bærast av tiltakshavar*

- Er ikkje vurdert i saka.

§ 12. *Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar*

- Eit eventuelt tiltak går føre seg på snødekt mark med minimale utslepp frå motoriserte køyrety. Støy frå maskinane kan ha innverknad på naturmangfaldet.

**Framlegg til vedtak:**

Ut frå dei vurderingar som er gjort i denne saka kan ikkje Ulvik fjellstyre opne for at Visitrallarvegen.no får permanent løyve til åting / brøyting av Rallarvegen mellom Finse –Lågheller. Ulvik fjellstyre vil heller ikkje støtte ei vidareføring av prøveordninga.

**Vedtak:**

Samrøystes

Sak 11/17

**Innkjøp av lavvo**

**20.03.17**

**Saksdokument:**

Ingen

**Saksutgreiing:**

Fjellstyret diskuterte på førre møte om me skulle kjøpe ein stor lavvo som skal setjast opp på nordsida av Langavatnet. Lavvoen skal vere eit tilbod for fiskarar og andre brukarar i området.

Lavvoen skal utstyrast med omn. Dei som ynskjer å nytte seg av lavvoen tek sjølv med seg ved om dei ynskjer det. Fjellstyret kan ikkje ta på seg arbeidet / kostnaden med å forsyne brukarane med ved da tilbodet er tenkt å vere gratis.

Lavvoen kan og vere ei «nødhamn» for fiskarar som kan få problem med vind og uver og av den grunn ikkje kjem seg tilbake til demningen.

Atle Ulgenes kom med framlegget til innkjøp, og han har sagt seg villig til å sjekke ulike produkt og prisar i marknaden.

Dette er eit tiltak som gir grunnlag for å søkje Sparebankstiftinga Hardanger om gåve/tilskot. Dette kjem ålmenta til gode og er eit godt rekrutteringstiltak for å få fleire ungdomar til fjells. Det er viktig at ein haustar av den gode ressursen som Langavatnet gir. Dagleg leiar tek initiativ til søkje om midlar.

**Framlegg til vedtak:**

Atle undersøker ulike produkt og prisar i marknaden. Dagleg leiar sender søknad til Sparebankstiftinga Hardanger om 45.000 i gåve / tilskot til innkjøp av lavvo og omn. Styret støttar innkjøp under føresetnad om tilskot frå Sparebankstiftinga Hardanger

**Vedtak:**

Samrøystes

**Saksdokument:**

Ingen

**Saksutgreiing:**

Sankebu vart oppført av Amund Undeland i 1978 då han dreiv med sau og hadde beite i Austdalen. Bua er seinare påbygd i 1982. Totalt areal er 32 m<sup>2</sup>. Bygningen er ikkje utfør etter fagmessig standard, og det er no på høg tid å byte kledning. Bua fekk nytt utvendig tak i 2011, og det vart bytta 2 glas i 2016. Det bør takast mål av hytta i vinter for å rekne ut materialbehov. Materialane må fraktast inn i vinter.

Ripsebu vart bygd tidleg på 1980 talet, og det er ikkje bytta glas sidan hytta var ny. Det er no på tide å byte det store glaset i opphaldsrommet samt glaset i gangen. Det må takast mål for nye glas no i vinter.

Arbeidet kan utførast av Hardangervidda fjelloppsyn / gjerast på dugnad, eller ein kombinasjon av desse.

Dette er og tiltak som kjem ålmenta til nytte. Det bør difor søkjast Sparebankstiftinga Hardanger om støtte til tiltaka.

**Framlegg til vedtak:**

Dagleg leiar tek mål av Sankebu og glas på Ripsebu når han no skal inn på Osafjellet. Transport av material og glas vert utført av Hardangervidda fjelloppsyn i vinter. Ny kledning på Sankebu samt montering av nye glas i Ripsebu vert gjort til sumaren om ein ikkje får gjort dette inneverande vinteren. Arbeidet vert utført av Hardangervidda Fjelloppsyn med dugnadshjelp frå medlemmer i fjellstyret. Dagleg leiar sender søknad til Sparebankstiftinga om kr. 90.000,- til nye glas i Ripsebu og ny kledning på Sankebu.

**Saksdokument:**

Ingen, dagleg leiar informerte

**Saksutgreiing:**

Fjellstyresambandet har forhandla fram ei løysing med lagring av data for fjellstyra (Daldata as). I denne avtala ligg det datalagring med oppdatering av filer, oppdatera programvare (officepakke) og support. Tilgangen til dette er brukarstyrt. Dvs. at Ulvik fjellstyre må betale ein lisens for sin sekretær. Pr i dag kostar denne 640 kr pr. mnd.

Slik sakshandsamar ser det er det på tide å gå over til elektronisk lagring. Spørsmålet er kva for løysing ein skal velje. Denne løysinga bør innehalde avtale om langtidslagring og oppdatering av data som eit minimum. Slik sett støttar løysinga frå Daldata dette kravet. Arkivlova set grenser for kva for løysing ein må ha.

Etter § 2 er ikkje fjellstyra definert som offentleg organ i arkivlova. § 19 i same lovverk har fylgjande ordlyd: «Dersom privat rettssubjekt mottek faste offentlege driftstilskot som er viktige for verksemda eller har fullmakt til å treffa einskildvedtak eller utferda forskrifter, kan Riksarkivaren fastsetja at arkivet heilt eller delvis skal følgja føresegnene for offentlege arkiv gjevne i eller i medhald av denne lova»

Riksarkivaren har ikkje kome med slike pålegg til fjellstyra og ein kan derfor konkludere med at fjellstyra ikkje treng å forhalde seg til reglane om offentleg arkivering.

Fjellstyra må likevel ha ei tilfredsstillande arkivløysing der dokument kan sporast tilbake. Ved å gå for ei digital løysing med bruk av fjellstyras arkivnøkkel i mappestruktur er dette oppfylt.

Dersom ein skal få full effekt av eit digitalt arkivsystem er det ynskjeleg at alle fjellstyra rundt vidda på sikt er knytt opp mot det same systemet. Dei tilsette bør uansett vere knytt opp i eit slikt system for effektivt å kunne samarbeide i dagleg arbeid.

Saka om datalagring vil bli teken opp på fyrstkomande møte i FH as.

#### **Framlegg til vedtak:**

Ulvik Fjellstyre er positive til å gå vidare med eit system for digital lagring av dokument. Fjellstyret tek endeleg stilling til saka når den har vore oppe til handsaming i FH as.

#### **Vedtak:**

Samrøystes

Møtet slutt 20.30